

BLI KJENT MED ALLE HYTTENE TIL AUST-AGDER TURISTFORENING



Jubileumsfeiring på Mjåvasshytta i 2015. Foto: Anne Gunn Østerholt

På turtreff 28. februar

(<https://havrefjell.dnt.no/aktiviteter/148817/914967/>) vil styreleiar i AAT, Svein Hjort-Olsen presentere alle hyttene som AAT har. Det er i alt 12 hytter i fjellet, og 5 (snart 6) hytter ved kysten. Dette er eit fint høve til å bli kjent med alle hyttene, og turområda dei ligg i. Fjellhyttene ligg i Setesdals austhei, frå Dølemo til Hovden, og er eit nærliggande turområde for oss i austre del av Agder. Kysthyttene ligg mellom Arendal og Risør, og ein treng båt for å kome til dei fleste av dei.

Turtreffet er 28. februar på Dalen Misjonshus og startar kl 11. Her vil òg turprogramma for AAT-turar på dagtid, og onsdagsturane til Havrefjell Turlag bli presentert. Ta med kaffe og niste.

Se elles **heimesida til Aust-Agder Turistforening** [↗](#).

Alle er velkomne!

Skrevet 22. februar 2023

Del artikkelen:

